



Referat frå grunneigarmøte i Berle om arbeidet med Hornelen nasjonalpark

Grendahuset i Berle, 28. april 2026

Til stades:

- Tore Larsen og Halvor Røssum, Statsforvaltaren i Vestland
- Ordføraren i Bremanger kommune, Anne Kristin Førde
- 16 frammøtte

Referat:

Tore Larsen frå Statsforvaltaren orienterte fyrst kort om prosessen så langt. Han viste fram eit kart over den største moglege avgrensinga for området, og presenterte nettsidene for prosjektet. Larsen var tydeleg på at det krev aksept frå Bremanger kommune for at det skal kunne bli nasjonalpark ved Hornelen. Vidare er det opp til kvar enkelt grunneigar, eller den som har skogrettar, om skogen dei rår over kan inkluderast i ein nasjonalpark. Det kom spørsmål om dette kan føre til «smultringhol» i nasjonalparken der det står skog, og svaret er ja. Det vart vidare orientert om kva frivillig skogvern inneber.

Det er også mogleg å inkludere sjøareal i ein nasjonalpark. Dette vil gjere det mogleg å verne heile gradienten frå fjordbotn til fjell, men dette krev at denne gradienten er nokolunde samanhengande. Vernet må derfor også inkludere skogparti.

Forvaltninga av området var også tema, særleg med tanke på verneforskrifta og kva som mest truleg vil vere lov og ikkje. Det kom spørsmål om det vil vere mogeleg med brygge eller flytekai innanfor eit verneområde. Det vart svart at lokale tilpassingar til verneforskrifta er moglege, og noko ein må ta stilling til i løpet av verneprosessen.

Larsen orienterte deretter kort om korleis ein eventuell nasjonalpark vil bli forvalta, med forvaltningsstyre, forvaltar og forvaltingsmidlar. Han kom også inn på via ferrata-anlegget, der Miljødirektoratet har vurdert inngrepa til å vere små nok til å kunne inkluderast i ein nasjonalpark i dei øvre delane, men for store i dei nedre delane.

Det vart vist kart over dagens eigedomsstruktur, med sameige som dekkjer mye av Hornelen-halvøya. Delar av sameiga som inneheldt mye skog, er frå gammalt av delt i skogteigar.

Vidare vart det orientert om rekonstruksjonen av skogteigane, bakgrunnen for dette arbeidet, og metodikken som har vore brukt. Kartet som vart vist fram, og tek før seg teigrettar frå oppmåling i 1730, kan sendast ut til grunneigarane i etterkant eller leggjast ut på nettsidene. Frå salen vart det uttrykt at ein var imponert over arbeidet som er gjort, og Statsforvaltaren viste til at ein ikkje hadde kome langt utan solid hjelp frå lokalkjente med oversikt over historikken. Det vart delt informasjon frå ein person i salen som i 1968 var med på å male merkesteinar kvite slik at dei skulle vere synlege på flyfoto. Dei kvite merkesteinane kan ein

sjå på flybilete frå 1969, og Statsforvaltaren ville sjå på om dette kunne bidra til å teikne ut skogteigar.

På spørsmål frå ein grunneigar om det vil bli gjeve informasjon til grunneigarane undervegs i prosessen, vart det svara at aktuelle dokument vil bli lagt ut på Statsforvaltaren sine nettsider om Hornelen, og at det vil bli sendt ut brev når det er behov for å informere. Nye møte kan også vere aktuelt.

Til slutt kom det eit spørsmål om lakseverpe vil vere tillatne i ein nasjonalpark. Svaret var at ein må vurdere å ha ein heimel for dette, og at det vil bli ein del av det vidare forskriftsarbeidet i den neste fasen av verneprosessen.

Referent: Halvor Røssum